

**From:** Olav Godtland <ogodtlan@online.no>  
**Sent:** 2. august 2017 08:21  
**To:** Sørensen Jan Arthur  
**Cc:** 'per tore skaalen'; Tore Felland Storhaug  
**Subject:** Vilkårsrevisjonen Tokke - Vinje vassdraget.  
**Attachments:** IMG\_5442.jpg; IMG\_5441.jpg; IMG\_5440.jpg; IMG\_5439.jpg; IMG\_5438.jpg; IMG\_5437.jpg; IMG\_5436.jpg; IMG\_5435.jpg; IMG\_5434.jpg; IMG\_5428.jpg; IMG\_5429.jpg; IMG\_5427.jpg

Hei.

Viser til synfaring den 28.06.2017 i Botnedalen. Eg er leiar av veglaget i Botnedalen og tok opp spørsmålet om bygging av terskel inne ved Hovund.

Eg legg ved nokre bilet som viser korleis det ser ut når vatnet er litt lågare enn HRV. Dette er Hovundløken og her er det mykje myr og ganske flatt. Bare ei senking på 2 – 3 meter av vatnet gjer store naturinngrep.

Dersom ein hadde bygd ein terskel i nedrekant av løken ville ein hatt ein stabil vasstand og eit mykje finare landskap. I dette område er det mange hytter som soknar til denne staden.

Ut frå eit miljøperspektiv synes eg det ville vore naturleg at Statkraft Energi AS vert pålagt å bygge ein terskel. Det er ikkje snakk om store inngrep med å bygge ein terskel – kanskje ei lengde på 20 – 30 meter og ei høgde på 3 – 5 meter. Eg kan sjølv sagt ikkje sei noko sikkert om dette, men eg er sikker på at dette ville vera eit veldig viktig bidrag for å rette litt på det miljømessige.

Eg håpar at NVE tek i dette og fremmer dette som eit krav i høve til vilkårsrevisjonen.

Om det ynskjer meir informasjon kan det ta kontakt med underteikna – Olav Godtland 41630521.

Mvh.

Olav.

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10

---

Fra: [4797039406@mms.mnc001.mcc242.gprs](mailto:4797039406@mms.mnc001.mcc242.gprs)

Sendt: mandag 24. juli 2017 kl. 08.59

Til: [ogodtlan@online.no](mailto:ogodtlan@online.no)

Emne: